

Endring av eksamensordningar ved LLE

Våren 2019 sette LLE ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere eksamensordningane ved instituttet. Føremålet var å redusere kostnadene ved eksamensavvklinga. Arbeidsgruppa bestod av Matti Wiik (undervisningsleiar), Frode Helmich Pedersen (førsteamanuensis), Signe Nilssen (fung. studieleiar) og Ragnhild Gjefsen (stipendiat). Mandatet til arbeidsgruppa går fram av rapporten. Arbeidsgruppa leverte sin rapport 15.08.2019.

Rapporten blei send ut på høyring til fagmiljøa på LLE den 29.09.2019 med høyringsfrist 15.09.2019. Det har komme inn svar frå desse fagmiljøa:

- Allmenn litteratur
- Digital kultur
- Kunsthistorie
- Lingvistikk
- Nordisk litteratur
- Nordisk språk
- Norskkursa
- Teatervitskap

I vedlegget blir det kort gjort greie for hovudssynspunkt i høyringssvara. Dersom nokon ønsker innsyn i dei ulike høyringssvara, kan dei få desse ved å ta kontakt med undervisningskoordinator.

Jamt over har dei ulike fagmiljøa forståing for trongen for at ein også med tanke på vurdering må tenkje økonomi og personalressursar. Det miljøet som klårast tar atterhald på dette punktet er teatervitskap som «prinsipielt [mener] det er feil å redusere ressursbruken til sensur ved eksamen med økonomiske begrunnelser». Elles viser fleire av miljøa, t.d. nordisk språk, at dei allereie har tenkt gjennom dei ressursmessige sidene ved sine vurderingsformer.

Fleire miljø peiker på at rapporten er uklår når det gjeld den faktiske ressursbruken til vurdering og eksamen i dag. Det går ikkje fram av rapporten korleis ressursbruken er i ulike fagmiljø og fag på LLE. Ein må forvente at det er ulikt grunnlag og trong for justeringar i dei ulike miljøa.

Fagmiljøa på LLE representerer langt på veg eit breiddeperspektiv i humaniora. Slik sett er det ikkje uventa at ein finn ulike syn og praksisar knytt til vurdering. Her finst til dømes både aksept (Kunsthistorie) og motstand (Allmenn litteratur) mot bruk av enkeltpersonskommisjonar. Her finst også ulike syn på obligatorikk knytt til undervisning som mogleg alternativ til breiddetest på eksamen. Fagmiljøet i lingvistikk framhevar seg ved å tenkje mest konsekvent i eit ressursperspektiv og kjem med tre tilrådingar (sjå oppsummeringa nedanfor). Fleire miljø (digital kultur, nordisk språk, teatervitskap) argumenterer fagleg for å bruke fleire vurderingsordningar på same emne. Nordisk litteratur argumenterer for bruk av munnleg eksamen også på emne der det finst mange studentar.

Leiinga på LLE tar med seg rapporten og høyringssvara i det vidare arbeidet for å utvikle gode og trygge vurderingsformer ut frå eksisterande føresetnader knytt til økonomi og personalressursar. UUI vil bli trekt inn i det vidare arbeidet med utvikling av vurderingsformene på LLE.

UiB, 19.09.2019

Heming H. Gujord

Undervisningskoordinator, LLE

Hovudsynspunkt i høyringssvara

Allmenn litteratur

Står samla mot enkeltpersonskommisjonar

Har allereie innført 75 prosent oppmøte på relevante kurs

Framlegg: omgjerung av semesteroppgåva til heimeeksamen med fleire spørsmål som då gir breiddeperspektiv.

Digital kultur

Ønsker å ha doble vurderingsformer på Dikult207. Dette er eit emne som kombinerer praktiske ferdigheiter og teoretisk kunnskap. Emnet er samanliknbart med Praktinf i høyringsdokumentet.

Miljøet står samla bak eit ønske om å kombinere sjølvstendig forskingsoppgåve med munnleg eksamen på bachelornivå.

Kunsthistorie

Går inn for å endre praksis på 100-nivå i retning av obligatorisk oppmøte og breiddetekst.

Kunsthistorie er open for at emneansvarleg kan stå for vurdering av breiddetekst på bachelornivå.

Lingvistikk

Meiner kostnadene ved ulike vurderingsformer, f.eks. mappevurdering, ikkje er tilstrekkeleg kartlagt i rapporten.

Har tre klare tilrådingar:

1. Bruk én vurderingsform per kurs.
2. Minimaliser bruk av vurderingsformer som krever ekstern sensor.
3. Maksimaliser bruk av skriftlig prøve med flervalgsoppgaver.

Nordisk litteratur

Hadde ønskt tilbakemeldingar på eksisterende vurderingsordningar.

Ønsker varierte vurderingsformer på programmet som heilskap.

Ønsker å behalde munnleg eksamen av faglege grunnar også på kurs med mange studentar (NOLI102).

Erstatning av ekstern sensur med obligatoriske arbeidskrav vil ikkje nødvendigvis spare interne ressursar.

Ønsker ikkje obligatorikk

Mindre bruk av eksterne sensur kan medføre større belastning på interne krefter i ein situasjon der miljøet allereie er pressa på ressursida.

Nordisk språk

Det er problematisk å ta stilling til tilrådingane fordi det ikkje blir gjort greie for (1) eksisterande ressursbruk og (2) akseptabel ressursbruk.

Har i dag to prøvepunkt på lågare gradsnivå for å tryggje breiddeperspektivet. Den faktiske ressursbruken ved alternative ordningar er ikkje godt nok kartlagt.

Stiller seg tvilande til at mappevurdering kan redusere sensurarbeidet.

Det er uklårt i kva grad heimeeksamen på seks timar krev mindre ressursar enn skuleeksamen.

Norskkursa

Norskkursa har sendt inn svar på høyringa. Dei presiserer at saka er mindre relevant for veksemda på norskkursa som har sitt eige budsjett gjennom SA og HR.

Teatervitskap

Er prinsipielt kritisk til å redusere ressursbruken knytt til eksamen av økonomiske grunnar.

Er positiv til at rapporten opnar opp for ulike vurderingsformer på LLE.

Meiner det er faglege grunnar til behalde kombinasjonen av heimeeksamen og munnleg prøve.

Er prinsipielt kritisk til eksamensvurdering med berre ein sensor.